

Kunnskapsgrunnlag til arbeidet med planprogram for arealdelen til kommuneplan for Øygarden.

Kunnskapsgrunnlag om verdier vi bør ta vare på	
Landskapsanalyse for Øygarden Dokument: Landskapsanalyse for Øygarden kommune (PDF, 13 MB) Tabellar med verdivurderingar av dei ulike områda i kommunen (PDF, 20 MB)	Landskapsanalysen bidreg med viktig kunnskap om samanhengar mellom landskapet, naturen og kulturhistoria vår. Kunnskapen vi har fått har bl.a. blitt nytta til å vurdere grensa mellom utmark og byggeområde, og kva for landbruks- og kulturlandskap vi skal ta vare på for framtida.
Strandsona i Øygarden Dokument: Rapport - Strandsonerkartlegging i Øygarden kommune (PDF, 13 MB) Rapport - Status på tilbod og kapasitet i småbåtanlegga i Øygarden (PDF, 2 MB) Kart: Kartforteljing – Verdier i Øygarden Kartforteljing – Aktivitet i strandsona	Kartlegging av verdifull og tilgjengeleg strandsona i Øygarden er gjennomført i dei delane av kommunen der byggepresset er størst. I tillegg er det laga eit oversiktbilete som viser korleis vi har utvikla strandsona. Begge desse kartleggingane er nytta som grunnlag for å drøfta strategiar og prinsipp for korleis vi fram i tid skal legge til rette for differensiert forvaltning av strandsona i Øygarden
Viktig natur i Øygarden Dokument: Rapport - Natur i Øygarden (PDF, 2 MB)	I nesten heile Øygarden er det gjennomført kartlegging av naturen på land . I gjeldande arealdel er fleire lokalt og nasjonalt viktig natur sett av til byggeformål. Dette er ny kunnskap som vi har nytta til å vurdere, drøfta og

Kart: Kartforteljing – Verdier i Øygarden	utvikla prinsipp og strategiar for korleis vi skal ta vare på naturen vår.
Friluftsliv i Øygarden Dokument: Rapport – Friluftsliv i Øygarden (PDF, 866 kB) Kart: Kartforteljing – Verdier i Øygarden	I Øygarden er det over tid gjennomført fleire kartleggingar og verdsetting av friluftsområde. I kunnskapsgrunnlaget viser vi ei oversikt over dei viktige friluftsområda vi har, og kva for prinsipp og strategiar som må leggest til grunn for å ta vare på friluftsområda for framtida.
Landbruksjorda i Øygarden Dokument: Rapport - Landbruksjorda i Øygarden (PDF, 2 MB) Kart: Kartforteljing – Verdier i Øygarden	I samsvar med nasjonal jordvernstrategi skal vi i større grad verna om landbruksjorda, og ikkje ta den i bruk til byggeformål. Kartlegginga har vist at vi i gjeldande arealplanar i Øygarden har satt av landbruksjord til framtidige byggeformål. Samstundes har vi vedteke i KPS at vi skal «Prioritera landbruket framfor å bygga ned dyrka mark og viktige, både noverande og framtidige, beiteareal».

Kunnskapsgrunnlag frå medverknadsarbeidet i planprogramprosessen	
Kva er gode lokalsenter og kommunedelsenter i Øygarden? Dokument: Rapport - Innspel lokalsenter (PDF, 8 MB) Rapport - Innspel kommunedelsenter (PDF, 3 MB) Rapport - Metodeskildring - Sentrumskjerne i lokal- og	Vi har gjennomført arbeidsverkstader i alle sju lokalsentra og dei tre kommunedelsentera i Øygarden. Samstundes har vi invitert til å komma med innspel om kva må vi ta vare på for framtida, kva kan vi styrka, og kva bør vi endra i sentra. Korleis kan ditt nærmaste senter bidra til eit godt kvardagsliv? Innspela som vart samla inn i dette arbeidet er oppsummerte, systematiserte, analyserte og geografisk framstilt i tekst og kart. Kunnskapen vi har samla inn vil nyttast som kunnskapsgrunnlag for politiske drøftingar og vedtak av strategiar og prinsipp for arealbruk i lokalsentra.

kommunedelsenter (PDF, 3 MB) Kart: Kartforteljing - Verdier vi skal ta vare på i lokal- og kommunedelsentera	
Kva er gode bygder og stadar i Øygarden? Dokument: Rapport – Innspel bygdene og stadane i Øygarden (PDF, 3 MB) Kart: Kartforteljing - Verdier vi skal ta vare på i bygdene	Vi har invitert til å komma med innspel om kva som er viktige verdier i bygdene og stadene rundt i kommunen, som vi må ta vare på for framtida. Innspela som vart samla inn i dette arbeidet er no oppsummerte, systematiserte, analyserte og geografisk framstilt i tekst og kart. Sjå også meir i kartforteljinga Kartforteljing - Verdier vi skal ta vare på i bygdene
Barnetråkk i skular og barnehagar Dokument: Rapport – Barnetråkk (PDF, 3 MB)	Barnetråkk er eit digitalt medverknadsverktøy der barn og unge kan spela inn i kart korleis dei brukar og opplever nærmiljøet sitt, trafikktryggleik, skulevegen eller vegen til fritidsaktivitetar. Metoden gir barn og unge moglegheita til å delta i, og reelt påverka samfunnsutviklinga og på staden dei bur.
Medverknadsdag med næringslivet Dokument: Oppsummering av medverknadsmøte med næringslivet 19.02.2025 (PDF, 2 MB) Innspel frå medverknadsdag med næringslivet (PDF, 645 kB)	Vi har invitert næringslivet til ein medverknadsdag, for at dei kan dela erfaringar og gi innsikt i korleis arealbruk påverkar kvardagen deira.

Kunnskapsgrunnlag om korleis vi legg til rette for utvikling i Øygarden	
Næring i Øygarden Kart: Kartforteljing - næringskartlegging	Næring i Øygarden gir eit statusbilete av korleis vi legg til rette for næringsutvikling i gjeldande arealplanar. Vi har blant anna kartlagt kor og kor mykje areal som per i dag er sett av til næring, i kva grad næringsarealet er tatt i bruk, kva vi per no har av arealreservar og potensialet som ligg i å utnytta dei areala vi har tatt i bruk betre.
Planlegging i sjø Dokument: Rapport - Planlegging i sjø (PDF, 2 MB) Kart: Kartforeljing - Havbruk og akvakultur	I kunnskapsgrunnlaget om «planlegging i sjø» har vi samanstillt eksisterande kunnskap og sett på moglegheitene for framtidig planlegging av sjøområda våre. Kunnskapen er eit viktig grunnlag for arbeidet med arealdelen, men samstundes eit støtteverktøy for å oppnå ei berekraftig forvaltning av sjøområda, med eit særskild fokus på miljø og dyrevelferd.
Befolkningsutvikling og bustadbehov Kart: Kartforteljing - Kven er vi, og korleis bur vi?	I kartforteljinga har vi laga eit statusbilete av befolkninga i Øygarden i dag, og korleis vi bur. Ved å analysera prognosar for befolkningsvekst, får vi også eit frampeik på bustadbehovet på kort og lang sikt.
Klima- og miljøstatus Dokument: Rapport - Klima og klimaendringar i Øygarden (PDF, 656 kB) Rapport - Vassmiljøa i Øygarden (PDF, 840 kB) Kart:	Kartforteljinga om klima- og miljøstatus i Øygarden, handla om viktige natur- og miljøførestander for utvikling, å førebyggja konsekvensar av klimaendringar, påverknad på økosystema og kjende miljøproblem. I tillegg viser kunnskapsgrunnlaget korleis vass- og avløpsnettet i kommunen er ein viktig føresetnad for utvikling.

Kartforteljing - Klima og miljø	
Arealrekneskap Kart: Kart for arealrekneskap	Bruk av arealrekneskap gjennom arbeidet med arealdel til kommuneplanen er ei nasjonale forventning, og ligg som ei retningslinje i regional plan for klima (2022 – 2035). Arealrekneskap er eit verktøy som gir oversikt over areala våre, der vi samanstillar informasjon om arealbruk i planar, korleis vi faktisk nyttar areala våre, kor mykje natur vi tek vare på eller tek i bruk, karbonlagring mm. Kunnskapen er nyttig for å sjå konsekvensar av om vi brukar eller vernar om areala våre.

Kunnskapsgrunnlag om korleis vi kan utvikla Straume	
Parallelloppdrag for Stovevatnet på Straume Dokument: Samanstilling idear – Straume Campus Samanstilling idear – Stova i sentrum Rapport frå parallelloppdraget	To arkitektteam arbeidde parallelt med å utvikla idear for Stovevatnet og regionsenteret Straume. Ideane deira kan vi nytta fritt når kommunen skal laga sine planar for utviklinga av Stovevatnet og vidareutviklinga av Straume. Ein vurderingskomité, satt saman av representantar frå blant anna kommunen, fylkeskommunen, næringslivet og råda i kommunen har oppsummert parallelloppdraget i ein rapport. Rapporten inneheld ti råd om korleis kommunen bør arbeida vidare.
Mobilitet, trafikk og parkering på Straume Dokument: Kunnskap om parkeringssituasjonen på Straume Mobilitet og trafikk på Straume Evaluering av Straumemila frå KDP Straume 2006-20018	Ved hjelpa av to konsulentfirma har vi kartlagd trafikk og parkeringssituasjonen på Straume. Ut i frå analyser viser forslaga korleis vi kan leggja betre til rette for menneska og det urbane livet, ved å gi betre plass til mjuke trafikantar i sentrum. Kartlegginga viser også kva vi må arbeida vidare med for å finna gode løysingar. Vi har også sett på kva delar av Straumemila som er realisert, og kva som ikkje er gjennomført. Det er i tillegg gjort ei kort og overordna evaluering av Straumemila.

Blågrøne verdier og rekreasjonsområde på Straume Dokument: Blågrøne verdier og rekreasjonsområde på Straume	Rapporten inneheld informasjon om den blågrøne strukturen og rekreasjonsområda på Straume. Den viser til dagens situasjon, manglar, behov og moglegheiter.
Straume – Eit regionsenter i utvikling Kart: Kartforteljinga Straume – Eit regionsenter i utvikling.	Resultatet frå rapportane og kunnskapsinnhentinga om Straume er oppsummerte og illustrerte i ei kartforteljing.